

Søkjær			Dette feltet skal fyllast ut av kommunen	
Namnet til søkjaren			<input type="checkbox"/> Ny søknad	<input type="checkbox"/> Korrigerig
Postadresse	Postnr.	Poststad	Termin år	
Telefon på dagtid	Mobiltelefon		Kommunenamn	
Kontonummer	E-postadresse		Kommunenr.	
			Skal bustønad transportert til kommunen? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
			Er søknaden motteken innan søknadsfristen? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
			Er lån/husleige dokumentert? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	

1. Personopplysningar					
Fødselsnummeret til søkjaren (11 siffer)	Etternamn	Fornamn	Utanlandsinntekt/-formue Kr	Pensjon/stønad Kr	Kode
Fødselsnr. til ektemake/sambu./reg. partnar					
Fødselsnr. til andre husstandsmedlemmer					
<input type="checkbox"/> <b>E</b> Set <b>X</b> dersom husstanden har vesentleg inntektsnedgang i forhold til siste likning pga. overgang til trygd. Dette gjeld berre hvis trygda blir utbetalt frå NAV (tidl. Rikstrygdeverket/Aetat). Fyll ut felt 5 på neste side.					Ant. husst.
<input type="checkbox"/> <b>E/F</b> Set <b>X</b> dersom inntektsnedgangen har andre årsaker. Fyll ut BÅDE felte 5 og 6 på neste side.					

2. Bustadopplysningar										
<input type="checkbox"/> <b>B T</b> Set <b>X</b> dersom bustaden oppfyller visse krav til funksjon og storleik, sjå rettleiinga punkt 2.										
<input type="checkbox"/> <b>T</b> Set <b>X</b> dersom bustaden <b>IKKJE</b> oppfyller visse krav til funksjon og storleik, sjå rettleiinga punkt 2.										
1 <input type="checkbox"/> <b>Eigd bustad</b>	Kvm	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eigedomsskatt/år Kr	Festeavgift/år Kr	Bueiningar	Talet på rom tot.	Kode
	Kor mange rom i bustaden? (Stue og soverom)		Kor mange utleigde rom?		Byggeår	Kjøpsår	Kjøpe-/byggjesum Kr			
2 <input type="checkbox"/> <b>Burettslag</b>	Kvm	Kor mange rom?		Kor mange utleigde rom?		Byggeår	Kjøpsår	Kjøpesum		
3 <input type="checkbox"/> <b>Leigd bustad</b>	Kvm	Kor mange rom?		Kor mange utleigde rom?		Byggeår	Husleige kr/md. (MÅ DOKUMENTERAST!) Kr/md.			
	Namnet til utleigaren			Utleigar sitt saks-/lånenr. I Husbanken/Innovasjon Norge (tidl. SND/Landbruksbanken)						
	<input type="checkbox"/> Set <b>X</b> dersom husstanden bur i kommunalt formidla bustad.					<input type="checkbox"/> Set <b>X</b> dersom husstanden leiger bustad i burettslag.				

3. Opplysningar om bustadlån						
Husbanken	Søkjaren sitt saksnummer (9 siffer)		Søkjaren sitt saksnummer (9 siffer)		Søkjaren sitt saksnummer (9 siffer)	
Innovasjon Norge						
Privat långjevar - namn	Lånebeløp Kr	Utbetalt år	Løpetid (talet på år)	Avdragsfri periode/år	Rentesats % (Nominell)	
Alle opplysningar om private lån må dokumenterast.						
<input type="checkbox"/> Set <b>X</b> dersom bustaden har fått utbetningslån, etableringslån eller startlån frå kommunen						Ant. lån

4. Underskrifta til søkjaren		Målform	Vedlegg
Eg forsikrar at opplysningane er riktige og fullstendige og godkjenner at dei blir kontrollerte og supplerte, jf. rettleiinga.		<input type="checkbox"/> Bokmål	Merk vedlegga med søkjær sitt namn og fødselsnr. Aktuelle vedlegg er leigekontrakt, lånedokumentasjon etc.
Dato: _____ Underskrift: _____		<input type="checkbox"/> Nynorsk	Talet på vedlegg: _____



# Rettleiing for utfylling av søknaden

**Søknad om bustønad skal sendast til bustønadkontoret i kommunen. Parthavarar i burettslag sender søknaden til forretningsfører for burettslaget. Hugs å leggje ved den dokumentasjonen som blir kravd (t.d. husleige, bustadlån, ev. inntekt - sjå punkt 5). Det er opplysningar om husstanden og bustaden første dag i den aktuelle månaden du søker om bustønad som skal først på søknaden (sjå tidsplan i denne rettleiinga).**

Dersom husstanden flyttar i løpet av bustønadperioden, må opplysningar om ny bustadsadresse ettersendast kommunen.

Vi ber søker om å føre på bankkontonummer (11 siffer). Hugs å gje bustønadkontoret i kommunen beskjed dersom det skjer endringar i kontonummer.

Krav til husstanden, bustaden og korleis behovsprøvinga av bustønad blir gjort, er nærmare skildra i brosjyren om bustønad, HB 9.E.1.

**Du kan også søkje bustønad elektronisk på internettadressa: [www.altinn.no](http://www.altinn.no)**

## 1. Personopplysningar

Før opp fødselsnummer (11 siffer) og namn på alle medlemmer i husstanden. Som husstandsmedlem reknar ein alle som fysisk bur i bustaden, og i tillegg personar som er folkeregistrert som busett på adressa. Bruk ei linje for kvar person. Dersom det ikkje er plass, kan du føre opp andre husstandsmedlemmer på eit nytt skjema.

Før berre opp utanlandsinntekt/-formue som ikkje blir skatta av i Noreg. Brutto beløp i siste tilgjengelege likningsår skal først opp.

Under feltet Pensjon/stønad skal du berre påføre ytingar som ikkje blir utbetalte frå NAV (tidl. Rikstrygdeverket/Aetat), dvs. annan offentlig pensjon samtpensjon frå EØS-land som kan gje rett til stønad (sjå brosjyren om bustønad). Slike ytingar må dokumenterast. Påfør også om du har sosial stønad eller introduksjonsstønad utbetalt, noko som ikkje trenger å dokumenterast.

**Punkt E:** Har inntekta gått ned pga. overgang til trygd, kryss av punkt E og fyll ut felt 5 på søknadsskjemaet side 2.

**Punkt E/F:** Har inntekta av andre årsaker gått ned, kryss av punkt E/F og fyll ut felt 5 og 6 på søknadsskjemaet side 2.

## 2. Bustadopplysningar

**Det blir ikkje gjeve bustønad til den som bur i institusjon** som er etablert etter lov om kommunehelsetenesten av 9.11.1992 og lov om sosial omsorg av 13.12.1991 og der det etter nærmare forskrift kan krevjast vederlag for opphaldet på grunnlag av personen si inntekt (t.d. sjukehus, sjuke- og aldersheim etc.).

Sett kryss for **BT** dersom bustaden har eige bad, kjøkken, opphaldsrom, soverom og eigen inngang, og i tillegg er minst 40 kvm. Set også kryss for BT dersom desse krava ikkje er oppfylte, men bustaden likevel er:

- omsorgsbustad med oppstartingsstilskot eller investeringstilskot frå Husbanken.
- bustad underlagt husleigeregulering (gjeld kun Oslo og Trondheim), der husstanden var busett pr. 31. desember 1999.
- kommunal leigebustad/kommunalt formidla bustad der husstanden har mottakar av introduksjonsstønad eller kvalifiseringsstønad.
- bustad under 40 kvm der husstanden har barn under 18 år eller mottakar av attførings- eller rehabiliteringspengar, yrkesskadeerstatning, grunn- eller hjelpestønad, tidsavgrensa uførestønad eller person med sosial stønad som einaste inntekt. Det vert føresett at bustaden elles oppfyller krava til bl.a. talet på rom.

Set kryss for **T** dersom bustaden ikkje oppfyller dei krava som er nemnte for punkt BT.

**Eigd bustad** bustad der søkeren står i tinglysingsregisteret som heimelshavar (eigar) til bustaden. Talet på bustader seier noko om bustadlåna omfattar fleire bueingingar. Bustad med sokkelleiligheit er to bueiningar.

**Burettslag** bustad der søkeren er partshavar.

**Leigd bustad** bustad der søkeren har leigekontrakt. Husleiga som først skal vere utan utgifter til lys, varme og garasje. Aksjebustad rekna som leigd bustad. Ved leige frå nær familie krevjast særskilt dokumentasjon (kvittering/bankutskrift på betalt husleige).

**Aksje-/obligasjonsleilegheit** Husleiga for aksje-/obligasjonsleilegheit er den faktiske husleiga (netto) søker betalar påplussa lånekostnader for kjøp av bustaden gjort om til månedleg husleige. Kommunen må få tilsendt dokumentasjon på både husleiga og bustadlån for å kunne gjere ei riktig utrekning av husleiga.

### 3. Opplysningar om bustadlån

- Husbanken** Fyll ut saksnummer (9 siffer).
- Innovasjon Norge** Fyll ut saksnummer (8 eller 10 siffer) for bustadlån.  
(tidl. SND/Landbruksbanken)
- Andre bustadlån** Det er berre lån til oppføring/kjøp/utbetring av bustad som skal førast på søknaden. Ved refinansiering skal lånesummen tilsvare restgjelda ved refinansieringstidspunktet. Renter og avdrag vil bli utrekna som serielån med etterskotsrente.
- Kommunale lån** Set kryss. Kommunen fyller ut opplysningar om kommunale lån.

Lån som førast opp skal berre gjelde bustaden du søker for. **Hugs å legge ved dokumentasjon på opplysningane!**

### 4. Underskrift

Med underskrifta si forsikrar søker at opplysningane er riktige, jf. informasjon om heimel for innhenting av opplysningar på denne rettleiinga. Søkar pliktar vidare å melde frå til bustønadkontoret i kommunen om eventuelle endringar i bustad- og husstandssituasjonen. Uriktige eller ufullstendige opplysningar kan føre til krav om tilbakebetaling og straffeansvar.

### 5. Inntekta i perioden

Inntekta i perioden skal berre nyttast når husstanden har hatt inntektsnedgang sidan siste likning, sjå forsida E og E/F. Bruttoinntekta til alle husstandsmedlemmer skal førast opp for den månaden bustønadsøknaden gjeld. Sjå tidsplan nedanfor.

Ytingar utbetalt frå NAV (tidl. Rikstrygdeverket/Aetat) skal ikkje førast opp då desse blir innhenta maskinelt. Unntak: faktisk utbetalt bidrag må førast opp. I feltet O/K/P (offentleg/kommunal/privat) – pensjon skal du føre opp inkomstar som ikkje blir utbetalt frå NAV (tidl. Rikstrygdeverket/Aetat).

Ved å fråvike likningsinntekta nyttast eit utvida inntektsomgrep der alle inkomstar i husstanden kan bli tatt med. Bidrag, studielån, stipend, utdanningsstønad, avkastning på formue eller andre inkomstar må difor førast opp.

Søkar må dokumentere inntektssituasjonen i perioden. Mangelfull utfylling vil føre til at siste tilgjengelege likning vil bli nytta ved utrekninga av bustønad.

**Nye inntektsopplysningar må gjevast i januar kvart år. Dersom inntekta endrar seg, skal søker gje opplysningar om dette til kommunen når endringa skjer. Hugs dokumentasjon.**

### 6. Årsak til inntektsnedgang

Kva er årsaka til husstanden sin inntektsnedgang frå siste likningsår og til i dag?

### Tidsplan

TERMIN	SITUASJONSDATO*	SØKNADSRIST	VEDTAK
Månadleg	1. i kvar måned	14. i kvar måned	Ca 10. månaden etter

\* Husstands- og bustadopplysningane blir lagt til grunn per situasjonsdato når bustønad blir utrekna.

### Heimel for innhenting av opplysningar

Med underskrifta si forsikrar søker at opplysningane er riktige, og samtykkjer i at søknaden blir kontrollert mot og supplert med opplysningar frå NAV (tidl. Rikstrygdeverket og Aetat) sitt register over motteken pensjon/stønad med utbetalt beløp, lånekassen sitt register over lån/stipend, bankinstitusjonar sine register over lån/bustadlån, Skattedirektoratet sitt register over inntekts- og formuetilhøve, Folkeregisteret sitt register over bustadtilhøve, kommunen sine utbetalingar etter lov om sosiale tenester.

### Tiepleikt

Alle som behandlar søknaden har tiepleikt.